

Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora

## Forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi - høyrings svar

Vi viser til brev 27.5.2015 der de ber om innspel til arbeidet med revisjon av *Forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi* (NESH-retningslinjene).

UiT har desse forslaga:

- Dei forskingsetiske komiteane bør vurderer å flytta punkt som er generelle frå dei fagspesifikke til dei generelle retningslinjene. T.d. må det meste av kapittel D i NESH-retningslinjene reknast som gjeldande for alle fagfelt. Det same gjeld deler av forskingsetiske retningslinjer for naturvitenskap og teknologi (NENT-retningslinjene), så tilsvarande innspel vert gitt i høyringa om revisjon av dei.
- Uavhengig av om punktet om medforfattarskap vert ståande i NESH-retningslinjene, eller om det vert flytta til dei generelle retningslinjene, føreslår vi eit tillegg til punkt 28 med presisering av at krava til medforfattarskap gjeld fullt ut også for rettleiar og student når dei publiserer i lag.
- I NENT-retningslinjene er det føreslått eit nytt punkt 24: *Forskeren skal ikke misbruke sin tittel til å gi meninger større tyngde*. Vi føreslår at denne regelen bør inn i dei generelle retningslinjene, eventuelt at det kjem inn eit tilsvarande punkt i NESH-retningslinjene, for å løfta fram meiningsinnhaldet i pkt 45, siste avsnitt.

Vi vil elles peika på som positivt at

- ansvaret for norsk som forskingsspråk er framheva i punktet *Forskingens ansvar*

- det er stadfesta at plikta til å gi opp referanse også gjeld når ein brukar tekst frå egne publiserte og upubliserte arbeid
- det er føreslått eit eige punkt om medforfattarskap
- det er føreslått eit eige punkt om habilitet

Vennleg helsing

Pål Vegar Storeheier e.f.  
forskningsdirektør

Olaug Husabø  
seniorrådgivar

olaug.husabo@uit.no  
77 64 52 77

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev ikkje signatur*

Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora

---

## Etiske retningslinjer for forskning på Internett - høyringsvar

Vi viser til brev 27.5.2015 der de ber om innspel til arbeidet med revisjon av *Etiske retningslinjer for forskning på Internett*.

I ein høyringsrunde ved fakulteta, har Det helsevitenskaplege fakultetet (Helsefak) gitt tilbakemelding om at retningslinjene kunne ha vore tydelegare. Fakultetet peikar på at setninga *Jo strengere adgangsbegrensningen er, jo større aktsomhet bør forskeren utvise* er villeiande (side 5, siste avsnitt under punktet *Offentlig eller privat*). Setninga gir inntrykk av at når eit forum på sosiale media – ein blogg e.l. – er opent for alle, vil det ikkje vera behov for samtykke, medan vedtak i NESH viser at komiteen meiner at det også kan vera nødvendig med innhenting av samtykke når eit forum er opent. Vi vil peika på at ei slik tolking kan føra til at det vert etablert unødvendig vanskelege forhold for forskning på sosiale media på Internett.

Vedlagt følgjer høyringsvar 7.9.2015 frå Helsefak til som innspel i samband med revisjonen av retningslinjene.

Vennleg helsing

Pål Vegar Storeheier e.f.  
forskningsdirektør

Olaug Husabø  
seniorrådgivar

olaug.husabo@uit.no  
77 64 52 77

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev ikkje signatur*



Avdeling for forskning og utviklingsarbeid

## **Forskningsetiske retningslinjer for internettforskning - høringsvar fra Helsefak**

Helsefak takker for anledningen til å gi innspill til overnevnte forslag. Fakultetet har bedt om innspill fra instituttene og enkeltforskere, men det er ikke kommet noen innspill til rutinene.

Internettforskning reiser en rekke nye problemstillinger, især i forbindelse med bruk av Big Data og sitater, og påfølgende anonymisering. Helsefak har støtt på problemstillingen om vanskeligheten rundt anonymisering av materialet der det er brukt sitater. Søk på disse på internett gjør at det er forholdsvis enkelt å spore tilbake til informantene. Retningslinjene omhandler dette temaet på side 9, hvor det fremgår at forskeren må foreta en avveining mellom muligheten for sporing av informantenes identitet ved søk på sitatene og ansvaret for at dataene og meningsinnholdet ikke endres. Helsefak har erfaring ved bruk av sitat som har vært gjort offentlig tilgjengelig på internett av informanten, hvoretter forskeren har gjort en vurdering at det er greit å bruke sitatet (omgjort til engelsk) i artikkel. I denne saken fikk Helsefak kritikk for den avveiningen som forskeren hadde gjort. På dette punktet gir ikke retningslinjene noe veiledning om hva som skal veies tyngst eller momenter som bør være med i vurderingen. Det er derfor vanskelig å få noe hjelp fra dette punktet i retningslinjene slik det er formulert i forslaget. Helsefak skulle også ønske at NESH hadde vært mer tydelig i sin mening om bruk av Big Data og sporing av IP-adresser og bruk av sitater, og gitt konkrete eksempler på når forskning i disse tilfellene ikke kan foretas.

NESH diskuterer de motstridene retningslinjene om at forskning i åpne fora ikke trenger samtykke og utgangspunktet at samtykke skal innhentes. Helsefak hadde ønsket at NESH var tydeligere i sin beskrivelse om når samtykke ikke trenger og innhentes, for eksempel ved bruk av informasjon på åpne blogger, internettfora og sosiale medier. Når dette ikke eksemplifiseres, vil det føre til at forskere gjør ulik vurdering av når det trenges samtykke. NESH skriver blant annet på side 5 at «Jo strengere adgangsbegrensningen er, jo større aktsomhet bør forskeren utvise». Dette tyder på at der det ikke er adgangsbegrensninger og deltakerne bør forstå at informasjonen er offentlig, så er det ikke behov for samtykke. Helsefak er derimot kjent med at NESH vurderer dette annerledes, og at det også i åpne fora er hovedregelen om samtykke som skal veies tyngst. Helsefak ønsker derfor at retningslinjene gjenspeiler NESH sine vurderinger i tilsvarende saker.

Vennlig hilsen

Kjetil Kvalsvik  
fakultetsdirektør

Jannicke Hudson  
juridisk seniorrådgiver

jannicke.hudson@uit.no  
77 62 31 81